

Festidalen treng mange fleire frivillige!

18.06.2016



Det trengst mange frivillige for å skapa den store festen!

Årets storhending i Uskedalen er utan tvil Festidalen. Kvart år stiller mange frivillige frå heile Kvinnherad opp og gjer ein flott innsats for å få det flotte arrangementet i hamn. Ja, også folk frå andre deler av landet, og til og med andre land, hjelper til. Ein treng 250 frivillige til Festidalen første helga i august, og framleis manglar svært mange.

Mange frivillige går att år etter år. Dei gjer ein stor innsats, men dei vil ikkje gå glipp av fellesskapet dei opplever med å vera med på å arrangera Festidalen. For dei som ikkje har vore med tidlegare, anbefaler eg dei å vera med i år. Det er heilt speielt å vera med på dette! Eg trur ikkje nokon angrar! Her er det mange og varierte oppgåver som passar for dei frå 18 år til langt, langt oppi pensjonsalderen. Sjølv er eg 62 og har stor glede av å vera med.

Mona Enes i frivilliggruppa opplyser til Grenda i dag at det til no har meldt seg 80 frivillige. Dermed manglar dei 170. Derfor er det berre å melda seg til teneste. Det er veldig greitt for arrangørane å ha lista med frivillige klar i god tid. Mona seier at dei treng folk til vakter, servera i baren, laga mat, rigging og rydding for å nemna noko. Dei som melder seg først, har størst sjanse for få ønskjet sitt oppfylt.

Dei som bidreg får gratis billett ein av dagane, Festidalen-rekvisita og ikkje minst innpass i eit godt miljø! Det å vera ein av dei som steller i stand den største happeningen i kommunen, er ei flott oppleving. De finn meir info om å vera frivillig på [Festidalen si heimeside](#), og det er berre å følgja oppfordringa om å gå inn der og [melda seg på](#) til dette fellesskapet.



Det er mange og varierte oppgåver.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Festidalen